



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 26.11.2015

Vår ref.: 2015/12997

Arkivnr.: 422.5

Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om at nokre kommunar vil bli pålagt å rapportere vedtak i 2016 med heimel i jordlova § 3

Jordlova og konsesjonslova regulerer viktige nasjonale område. Regelverket skal ivareta fleire omsyn, blant anna omsynet til jordvern og kulturlandskap, busetting, ein kostnadseffektiv bruksstruktur og ei forsvarleg prisutvikling på landbrukseigedomar.

Departementet har innført heimel for rapportering i saker som gjeld alle saker etter jordlova og konsesjonslova, samt forskrifter med heimel i desse lovane, jf. jordlova § 3. Departementet har lagt til grunn at behovet for ein heimel som gir Fylkesmannen fullmakt til å pålegge rapporteringsplikt er størst i forhold til omdisponerings- og delingssaker etter jordlova (§§ 9 og 12) og saker etter konsesjonslova der kjøpesummen skal vurderast (§ 9 første ledd nr 1).

Departementet har uttrykt at det er grunn til å tru at fleire kommunar fører ein praksis i strid med regelverk og nasjonale retningslinjer ved behandling av saker etter jordlova og konsesjonslova. Viktige nasjonale omsyn står på den måten i fare for ikkje å bli tilstrekkelig varetatt. Samstundes blir grunnleggande rettstryggleikselement svekt, som til dømes prinsippet om likebehandling og prinsippet om å kunne vurdere sin rettslige situasjon på førehand.

Det er presisert at innføringa av ein slik heimel ikkje vil innskrenke kommunal skjønnsutøving. Det er eit klart utgangspunkt at kommunane skal bruke regelverket riktig og rette seg etter nasjonale retningslinjer.

Kompetansen til å pålegge rapportering er lagt til Fylkesmannen. Dialog og rettleiing overfor kommunane er ein sentral del av Fylkesmannen sine oppgåver til ei kvar tid. Rapporteringsheimelen må sjåast i denne samanheng. Utgangspunktet er derfor at Fylkesmannen har gjennomført sine rettleiings- og informasjonsoppgåver før rapportering er aktuelt.

Fylkesmannen gjennomfører årlig kurs for kommunane innanfor landbruksområdet. I tillegg blir det gjennomført besøk til enkeltkommunar der det er ønskeleg, og det blir gitt

retteiing/informasjon over e-post og telefon. Retteiings- og informasjonsoppgåvene er dermed gjennomført.

Fylkesmannen varslar med dette brevet at vi no vil ta i bruk rapporteringsheimelen, og då sjå nærare på enkeltkommunar sin praksis innanfor jordlova. Dei kommunane som blir pålagt å sende inn vedtak i 2016 vil få eit eige brev om dette.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Iris-Adele Berg Jess
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Iris-Adele Berg Jess
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 76
E-post: fmroi@fylkesmannen.no